



Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug	FE - 142	15/374

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
075/15	Formannskapet	PS	25.08.2015
042/15	Kommunestyret	PS	03.09.2015

Arealdel kommuneplan for Fedje kommune. Revisjon 2015. Utlegging til offentlig ettersyn.

Vedlegg:

001 Planskildring revisjon 2015

Saksutgreiing:

Bakgrunn for revisjon av plankartet til kommuneplanen.

Kommunestyret gjorde den 14. mars 2013 som sak 013/13 vedtak om kommuneplan for Fedje for 2012 – 2024. Vedtaket omfatta samfunnsdel, ROS-analyse, planskildring, konsekvensutgreiing, plankart og føresegner. I vedtaket vart det ikkje teke omsyn til merknader som grunneigarane kom med då planen låg ute til offentlig ettersyn.

I kommunestyremøtet den 14. mars 2013, vart det i sak 014/13, gjort vedtak om revisjon av arealdelen av kommuneplanen. I denne saka var grunneigarane sine merknader drøfta og rådmannen hadde tilråding til kva for ønske som skulle vera med i revidert arealdel til kommuneplanen. Kommunestyret gjorde justeringar av tilrådinga i sitt vedtak.

Framlegg til revidert arealdel av kommuneplanen i samsvar med k-sak 014/13, er no ferdig. Denne er kalla revisjon 2015.

Kommunestyret gjorde 24. april 2014 vedtak om planstrategi for kommunen. Revisjon av kommuneplanen i samsvar med kommunestyrevedtak i sak 014/13, er med på oversynet over prioriterte planoppgåver i planstrategien.

Om handsaminga av Revisjon 2015

I samsvar med første ledd i § 4-2 i plan- og bygningslova, er det laga planskildring for Revisjon 2015.

Framlegg til endringar i høve til kommuneplan for Fedje for 2012 – 2024, er synt på kart i planskildringa saman med eksisterande plan (side 9 til og med 22). Kart på side 23 syner ei samla



Fedje kommune

oversikt over endringane.

Det reviderte framlegget (Revisjon 2015) vert no handsama i samsvar med § 11-15 første ledd, andre punktum i plan- og bygningslova (pbl). Dette tyder at høyringa og handsaminga berre gjeld dei delane som er endra i høve til planen som vart vedteken 14. mars 2014.

Konsekvensutgreiing må til dersom ein vil at areal som er LNF-område etter kommuneplan 2000-2012, skal verta byggeområde. Dersom ønsket om endring krev konsekvensutgreiing, krev det og planprogram. Dette følgjer av § 4-1 første ledd i pbl. Eventuelt planprogram må på høyring før ein startar arbeidet med revidert plan.

Om ein samanliknar plan 2000-2012 med 2012-2024, var det eit stor reduksjon av byggeområda. Revisjon 2015 aukar byggeområdet. All auke av byggeområdet gjeld areal som etter kommuneplan 2000-2012, var byggeområde. Eit område er endra frå LNF til LNF-spreidd slik det var i plan 2000-2012. Revisjon 2015 er difor slik at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing.

Nokre av grunneigarønska som kom då kommuneplan 2012-2024 var på høyring, krev konsekvensutgreiing i samsvar med andre ledd i § 4-2 i pbl. Desse er det ikkje teke omsyn til.

Vedtak om å leggja kommunplan ut på høyring i samsvar med § 11-14 i pbl, er ikkje delegert. Vedtak om dette må difor gjerast av kommunestyret. Høyringsfristen er minimum 6 veker

Forslag til vedtak:

Fedje kommune gjer vedtak om å leggja arealdel av kommuneplanen med føresegner (Revisjon 2015) ut til offentleg ettersyn. Høyringa gjeld berre dei endringar som er gjort i Revisjon 2015 sett i høve til planen slik den vart vedteken av kommunestyret den 14. mars 2013.

På plankartet er det 13 endringar. Ei endring i føresegnene – punkt 3.2.

Formannskapet - 075/15

F - behandling:

F - vedtak:

Fedje kommune gjer vedtak om å leggja arealdel av kommuneplanen med føresegner (Revisjon 2015) ut til offentleg ettersyn. Høyringa gjeld berre dei endringar som er gjort i Revisjon 2015 sett i høve til planen slik den vart vedteken av kommunestyret den 14. mars 2013.

På plankartet er det 13 endringar. Ei endring i føresegnene – punkt 3.2.

Samrøystes vedteke.



Fedje kommune

Kommunestyret - 042/15

K - behandling:

K - vedtak:

Fedje kommune gjer vedtak om å leggja arealdel av kommuneplanen med føresegner (Revisjon 2015) ut til offentleg ettersyn. Høyringa gjeld berre dei endringar som er gjort i Revisjon 2015 sett i høve til planen slik den vart vedteken av kommunestyret den 14. mars 2013. På plankartet er det 13 endringar. Ei endring i føresegnene – punkt 3.2. Samrøystes vedteke.